

## **SAK 54/07 REPRESENTANT TIL STYRE FOR HALLINGDAL FOLKEHØGSKULE**

### **Saksopplysning**

Regionrådet for Hallingdal har fått førespurnad frå Hallingdal Folkehøgskule, med spørsmål om Regionrådet kan vera interessert i å utnemne ny representant til styre for Hallingdal Folkehøgskule.

I sak 38/03 vart det gjort slikt vedtak:

*”Regionrådet for Hallingdal vil foreslå at Arne Skogheim blir oppnemnt til styret for Hallingdal Folkehøgskule.”*

Arne Skogheim har sagt frå at ha ikkje lenger ynskjer å sitja i styret.

Tidlegare (før 2003) hadde Hallingdal Folkehøgskule eit styre på 7 representantar, 3 representantar frå skula, 3 frå eigarlaget Hallingdal Høgskulelag og ein representant frå staten. Frå 1.1.2003 galdt ny folkehøgskulelov der statens sin representant er ute. Hallingdal Høgskulelag ynskjer at det framleis skal vera ein offentleg representant i styre og stiller spørsmålet om Regionrådet vil utnemne ein representant for ein ny styreperiode på 4 år, som no følger valperioden.

### **Vedtak**

Ål 11.12.2007  
Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar